

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 010, TI - &13	14/3240

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
58/2014	Formannskapet	PS	27.08.2014

Høyring - framlegg til endringar i vallova og valforskrifta

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har motteke høyringsnotat frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet med framlegg til enkelte endringar i vallova og valforskrifta. Frist for å gi innspel og merknader er sett til 31.10.14. Høyringsnotatet inneheld også ein gjennomgang av evalueringa av stortingsvalet i 2013.

Innleiingsvis held departementet fram at det er viktig at det ikkje vert innført system- og regelendringar innan valordninga, utan at det er klare behov og gode grunnar for dette. Det vert m.a. peikt på at gjennomføring av val skjer annakvart år, og er såleis inga rutineoppgåve. Gjennomføring krev at det vert etablert eit omfattande apparat i kvar kommune, med mange detaljerte rutinar. Erfaring tilseier at system- og regelendringar bidrar til at risikoen for feil aukar. Feila kan føre til at veljarar ikkje får avgitt røyst, eller at røysta vert forkasta.

Høyringsnotatet inneheld likevel nokre få framlegg til endringar i vallova:

1. Framlegg om at departementet overtar ansvaret for produksjon og utsending av valkort. Gjennom forskrift får departementet mynde til å gi nærare reglar om pliktane til valstyret i samband med produksjon og utsending.
2. Sentral matrikkelmyndigheit/Kartverket skal orienterast om endringar i røystekretsinndelinga innan 31. mars i valåret.

I tillegg tar departementet opp ulike problemstillingar knytt til for seint innkomne førehandsrøyster. Ved valet i 2013 kom i alt 1 653 førehandsrøyster for seint fram og vart difor forkasta. Stortinget sin fullmaktskomité har konkludert med at dette talet er uakseptabelt høgt og har bedt departementet vurdere om det er grunnlag for regelendringar på dette punktet. Det er ikkje lagt opp til konkrete lovendringar i høyringsnotatet, men departementet ber om tilbakemeldingar på problemstillingar kring forkasta førehandsrøyster frå høyringsinstansane, og dei vil så eventuelt komme tilbake til dette temaet i ei ny høyring. I tillegg til at problemet med at avgitte førehandsrøyster vert forkasta, er det per i dag heller ikkje eit godt nok system for registrering av for seint innkomne røyster.

Vurdering

Dei to konkrete framlegga til endringar i vallova er etter administrasjonen si oppfatning heilt uproblematisk.

Spørsmålet om for seint innkomne og dermed forkasta førehandsrøyster reiser derimot fleire problemstillingar. Det kan vere mange ulike grunnar til at førehandsrøyster ikkje kjem fram innan fristen kl. 21.00 på valdagen. Dette kan t.d. handle om:

- Feilsending
- Forveksling av kommunar
- Røystemottakar sender røystene for seint frå seg
- Mangelfull adressering
- Forseinkingar i postgangen

Det er ikkje gjort noko fullgod kartlegging av årsakene til for seint innkomne førehandsrøyster, og departementet meiner difor det er uheldig å gjere lovendingar på eit usikkert datagrunnlag. Dei drøftar likevel ein del framlegg til moglege endringar i regelverket:

1. Endre lovfesta frist for å avig førehandsrøyst

Fristen for å avgi førehandsrøyst kan flyttast frå fredag til torsdag før valdagen, noko som vil kunne bidra til at færre førehandsrøystar kjem for seint fram. Ulempa ved ei slik regelending vil kunne vere at veljarar som har vore vane med å kunne førehandsrøyste også om fredagen, og som ikkje har fått med seg regelendinga, mister høvet til å røyste ved det aktuelle valet.

Kommentar:

Meland kommune meiner at dette tiltaket vil vere fornuftig, sjølv om det om mogleg vil ta litt tid før ei slik frist-ending «set seg» hos veljarane. Det vil sjølvsagt vere viktig med god informasjon om regelendinga, både frå sentralt hald og i den informasjonen den enkelte kommune legg ut. Informasjonskanalane i dag er mange og varierte, og ikkje minst vil informasjon via sosiale medium spreie seg ganske raskt. Ein må elles kunne forvente av ansvarlege samfunnsborgarar at dei set seg inn i dei dei reglar som gjeld for val.

2. Endre lovfesta frist for godkjenning av førehandsrøyster

Fristen for at valstyret skal godkjenne førehandsrøyster kan utsetjast, t.d. frå dagens ordning med kl. 21.00 på valdagen til kl. 16.00 dagen etter. Dette kan redusere talet på forkasta førehandsrøyster. Ulempene med ei slik ordning vil vere at det endelege valoppgjeret vert forseinka. Det vil også kunne påføre det enkelte valstyre noko meir arbeid, og dei må sannsynlegvis ta ein pause i oppteljinga i pårente av førehandsrøyster som er på veg i posten. Departementet er sjølv positiv til ei slik regelending, m.a. fordi høvet til å avig røyst ikkje vert påverka, men vil ha innspel frå høyringsinstansane før det vert tatt endeleg avgjerd. Departementet trur likevel ikkje at ei slik regelending vil fjerne problemet med for seint innkomne røyster.

Kommentar:

Meland kommune meiner dette tiltaket vil vere upraktisk og lage meirarbeid for valstyret og sekretariat. Valstyret må t.d. vere tilgjengeleg over fleire dagar, t.o.m. onsdag for godkjenning/forkasting av førehandsrøyster. Underskriving av møtebok kan tidlegast skje onsdag. Frist for innlevering av valmateriell til fylkeskommunen må forlengast. Mandatfordelinga ved kommunevala vert ikkje klart før tidlegast onsdag – i små kommunar kan få røyster gjere utslag.

Det er ikkje påvist at «fangsten» av førehandsrøyster vil bli av eit slikt omfang at ulempene ved endra frist kan forsvareast.

3. Forskriftsfeste rutinar for forsending av førehandsrøyster

Det er i dag krav om at førehandsrøyster skal sendast som A-post, og dei skal sendast kvar dag siste veka før valet. Avvik kan her handle om at konvolutten vert sendt til feil adresse og eller at teksten på valkortet forskyv seg slik at det er veljaren si adresse som kjem fram i vindauget. Det siste kan unngåast ved å nytte eiga oversendingskonvolutt, der det må framkomme tydeleg kven som er avsendar og med tydeleg adresse til valstyret i den aktuelle kommunen. Departementet vil gjere framlegg om å forskriftsfeste dette. Det vil også bli gjort framlegg om at oversending av førehandsrøyster skal skje kvar dag dei to siste vekene.

Kommentar:

Meland kommune meiner dette er fornuftige regelendringar. Vi har over mange år nytta særskilt oversendingskonvolutt. Konvolutten bør vere tydeleg merka med at han inneheld førehandsrøyster.

4. Informasjon og rettleiing

Departementet vil i sin informasjon og opplæring oppfordre kommunane til å inngå lokalt samarbeid med Posten, slik at ein får til gode ordningar når det gjeld levering og sending av førehandsrøyster. Departementet vil sjølv halde eit eiga møte med Posten sentralt i forkant av førehandsrøystinga for å sikre fortsatt god kommunikasjon og samarbeid. Departementet vil vidare oppfordre det enkelte valstyre til å utarbeide ein plan for korleis røystemottakarane skal handtere førehandsrøyster til andre kommunar på ein måte som syter for at dei kjem fram til mottakarkommunen i god tid. Dei meiner at valstyret i nokon tilfelle bør vurdere bruk av ekspresspost eller bod, men vil ikkje forskriftsfastsett dette.

Kommentar:

Det kan vere ein god idé å halde eit møte mellom kommunen og Posten lokalt i forkant av førehandsrøystinga. Valsekretær i Meland kommune har praktisert dette ved dei siste vala, også ved valet i 2013. Desse samtalanene har elles klargjort at oversendingsproblema ikkje ligg til det lokale postkontoret i kommunen, men at forseinkingane truleg finn stad på andre ledd i posten sin distribusjonskjede. Dette må drøftast mellom sentral mynde og Posten sentralt.

Når det gjeld krav om utarbeiding av særskilt plan for korleis førehandsrøyster skal oversendast til andre kommunar, bør dette kan hende avstemmast med storleiken på kommunen og omfanget av slik oversending. Valstyret bør sjølv kunne vurdere om det er behov for å lage ein slik plan for deira kommune. Det er fornuftig at departementet ikkje vil påleggje kommunane å skulle bruke ekspresspost eller bod, ettersom dei økonomiske konsekvensane av dette ikkje er klarlagde.

5. Posten sluttar med postomlevering på lørdager

Det kan bli slutt på postdistribusjon på laurdagar. Departementet vil følgje opp dette for å finne fram til løysingar som ivaretar behovet for forsending av førehandsrøyster siste helg før valet.

Kommentar:

Dersom postdistribusjon på laurdager fell bort som ei generell ordning, bør sentral mynde likevel setje som krav til Posten at dei skal levere førehandsrøyster den siste laurdagen før valdagen. Dersom ein ikkje får på plass ei ordning kring dette, vil truleg problemet med for seint innkomne førehandsrøyster auke i omfang, i staden for å bli redusert.

Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

Miljø

Ikkje relevant i saka.

Økonomi

Ikkje relevant i saka (med mindre det skulle komme krav om oversending av førehandsrøyster per ekspresspost eller bod).

Konklusjon

Det vert vist til kommentarane under dei opplista punkta. Ved valet i 2013 var det i Meland kommune 8 førehandsrøyster som vart forkasta fordi dei kom inn for seint. Dette var eit heilt uvanleg høgt tal , - vi trur såleis det må ha skjedd noko spesielt med postgangen i 2013.

Administrasjonen har ikkje vurdert eller kommentert framlegg som går på førehandsrøysting utanriks. Kommunen mottar svært få utanriksrøyster, og det har ikkje vore problem med at desse har kome for seint.

Når det gjeld registrering av forkasta røyster, så bør det absolutt etablerast eit fullgodt system for dette, der bakgrunn for forkasting vert registrert og statistikkført.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Meland/valstyret viser til saksutgreiing og vurdering og ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet merke seg dei innspela som er gitt. Det vert særleg vist til innspela som handlar om forkasta førehandsrøyster.

Formannskapet - 58/2014

FS - behandling:

FS - vedtak:

Formannskapet i Meland/valstyret viser til saksutgreiing og vurdering og ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet merke seg dei innspela som er gitt. Det vert særleg vist til innspela som handlar om forkasta førehandsrøyser.